



EDDA FIDES - sjeldan farkost i Storsund

Supplyskipet EDDA FIDES gjekk med sakte fart gjennom Storsund i kveld. Østensjøskipet er bygd i 2011 og går med Malta flagg. Førskommande mandag, 18. juli, vil EDDA FIDES gå sitt fyrste cruise med 500 gjester frå Haugesund til Molde før ein legg kursen ut i Nordsjøen.

I ei tid med lite oppdrag i oljenæringa, vil reiarlaget Østensjø prøva noko nytt. Det er lagt opp til fleire cruise frå ulike norske byar på kysten. Turane går til oljefelta i Nordsjøen med faglege føredrag om plattformer og oljeutvinning.

Det 7600 DWT store supplyskipet rigga godt i Storsund med ei lengde på heile 130 meter. Skipet har helikopterdekk akter og stor gangveg forut. Skipet har stor lugarkapasitet og mange fellesrom for aktivitetar. Cruiseopplegget i denne omgang vert avslutta i Svolvær med innlagt tur inn i Trollfjorden.

Tekst: Kristian Bringedal
Foto: Hans Ordin Østebø
Nett: Thor Inge Døssland